



NDLA v/styret

Dato: 06.06.2017

Vår ref.: 2017/3492-3

Saksbehandlar: oydziem

Dykkar ref.:

Initiativ frå NDLA om å invitere Oslo kommune inn i samarbeidet

Ved handsaminga av sak PS 151/2017 *Framlegg til nye vedtekter for NDLA* i møte 23.05.2017 i fylkesutvalet i Hordaland vart det samrøystes vedteke slikt oversendingsforslag til fylkesrådmannen:

«Fylkesutvalet ønskjer sak om korleis ein kan få den største brukaren, Oslo, til å verta ein del av det interkommunale samarbeidet.»

Fylkesrådmannen har vurdert dette framlegget og kome fram til at det er naturleg at styret i NDLA tek stilling til om det er rett å kome med ei oppmoding til Oslo kommune om å slutte seg til det interfylkeskommunale samarbeidet som står bak NDLA. Grunngjevinga til fylkesrådmannen er at det ikkje kan vere opp til ein av fylkeskommunane å ta eit slikt initiativ, og han kjenner heller ikkje til kva oppmodingar dei samarbeidande fylkeskommunane eventuelt har sendt Oslo kommune tidlegare.

Fylkesrådmannen ber styret i NDLA ta stilling til om, og eventuelt på kva måte, oversendingsforslaget frå fylkesutvalet i Hordaland kan følgjast opp.

Fylkesutvalet i Hordaland blir orientert om at brevet til NDLA er sendt.

Med helsing

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

